



Revidering av Stord kommuneplan 2016 – 2027 – Planprogram

September 2016

Innhald

1. Innleiing	3
2. Føremål	4
3. Prosess og medverknad	4
4. Føremål for planarbeidet	6
4.1 Nasjonale og regionale forventningar og føringar ..	6
4.2 Regionale planar og føringar	6
4.3 Kommunale planar og føringar	6
4.4 Oversikt over eksisterande og gjeldande planar	7
5. Status, utviklingstrekk og prognosar	8
5.1 Folketal og demografi	8
5.1.2 Framskrivning av folketalet 2015 – 2040	9
5.1.3 Utviklingstrekk	11
5.1.4 Utfordringar / mål	12
5.2 Arbeid og sysselsetting	13
5.3 Kommunestruktur	14
5.4 By- og tettstadstrukturen i kommunen	15
5.5 Miljøstatus og utfordringar	16
5.6 Samferdsel og infrastruktur	16
5.7 Folkehelse	17
6. Sektorane si verksemd	18
6.1 Oppvekst og utdanning	18
6.2 Rehabilitering, helse og omsorg	18
6.3 Næring, miljø og kultur	19
6.3.1 Næring	19
6.3.2 Vatn og avløp	21
6.3.4 Hamn	22
6.3.5 Landbruk og miljø	23
6.3.6 Kultur	25
6.3.7 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	25
6.3.8 Plan	26
7. Utfordringar og mål og strategiar framover	27
8. Utviklingsstrategiar og mål	27
8.1 Hovudmål / strategi	28
8.2 Delmål / strategiar	28
9. Konsekvensutgreiing	29
10. Planarbeid / behov 2016 – 2019	30

1. Innleiing

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i desember 2011 og rådmannen har lagt opp til at arbeidet med å revidera planen startar opp i 2016. Denne gongen har forslaget til kommunal planstrategi for 2016 - 2019 og forslaget til planprogram for revidering av kommuneplanen vore same dokumentet. Forslaget til planstrategi og forslaget planprogram for revidering av kommuneplanen vart sendt på høyring og utlagt til offentleg ettersyn ... Det vart samstundes meldt oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Forslaget til planstrategi og planprogram for revidering av kommuneplanen omhandlar kommunen sine strategiske val knytt til utviklinga av kommunen mellom anna strategi for langsiktig arealbruk.

Strategiane skal danna basis for arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Den langsiktige arealstrategien skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, angje langsiktige utviklingsretningar i kommunen og visa område for særleg utvikling og vern for å ivareta dei arealomsyn som går fram av § 3-1 i plan- og bygningslova.

2. Føremål

Føremålet med revidering av kommuneplanen er å fastsetja gode og føreseielege mål og strategiar for framtidig utvikling, revidera arealdelen med utviklingsstrategiar og mål, plankart og føresegner og å rullera/ oppdatera samfunnsdelen.

Det nye kommuneplanen skal ha hovudfokus på korleis ein best mogleg skal ivareta omsynet til

- Klima, miljø og tryggleik
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Levande sentrum
- Helse og trivsel
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane
- Næringsutvikling
- Gode kommunale tenester

3. Prosess og medverknad

Denne gongen ert det lagt opp til at forslag til planstrategi vert del av planprogrammet for revidering av kommuneplanen. Innhenting av synspunkt frå statlege og regionale mynde og nabokommunar skjedde då i første omgang ved at forslaget til planprogram vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn samstundes forslaget til planstrategi for 2016 - 2020.

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, spesielt i høve til grupper som

ein antek kan verta særleg råka, kva alternativ som vil verta vurdert og trongen for utgreiingar.

Det vil verta lagt opp til opne møte, innbyggjarmedverknad og dialog elles med innbyggjarane, lag og organisasjonar og næringslivet i samband med oppstart av planarbeidet og i samband med høyring og offentleg ettersyn av planforslaget. Det vil verta invitert til å koma med innspel og synspunkt på mål og strategiar for framtidig utvikling i kommunen og innspel og synspunkt på ønska arealbruk og tiltak dei neste 12 åra.

Planprosessen vil verta forankra politisk gjennom formannskapet og kommunestyret. Det er formannskapet som skal gjera vedtak om høyring og utlegging til offentleg ettersyn av forslag til revidert kommuneplan. Etter høyring og offentleg ettersyn skal planforslaget til slutt vedtakast av kommunestyret.

Når det gjeld innbyggjarmedverknad, så er det gjennomført eit prosjekt knytt til kommunedelplanarbeidet for Sagvåg og Litlabø der føremålet var å få innbyggjarane sin medverknad i arbeidet for å få fram lokal kunnskap og lokale behov i planlegging av gode møteplassar og trivselsfremjande nærmiljø. Erfaringar frå dette prosjektet er tenkt ført vidare i eit nytt prosjekt knytt til innbyggjarmedverknad i kommuneplanarbeidet.

Det vert lagt opp til slik framdrift, medverknad og informasjon:

Formannskapet vedtek å senda på høyring og leggja forslag til planstrategi ut til offentleg ettersyn og melda oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen	13.04.2016
Høyring og offentleg ettersyn	Høyringsfrist min. 6 veker
Ope møte/ innbyggjarmedverknad	Mai – juni 2016
Dialogmøte/ innbyggjarmedverknad	Mai – juni 2016
Utarbeiding av planforslag	Okt. 2016 – mai 2017
Vedtak av planstrategi og fastsetjing av planprogram for revidering av kommuneplanen	Okt. 2016
Formannskapet vedtek å senda på høyring og leggja forslag til revidert kommuneplan ut til offentleg ettersyn	Juni 2017
Høyring og offentleg ettersyn	Høyringsfrist min. 6 veker
Ope møte/ innbyggjarmedverknad	Mars/ april 2017
Dialogmøte/ innbyggjarmedverknad	Mars/ april 2017
Gjennomgang av merknader og innspel etter høyring og offentleg ettersyn	Sept./ okt. 2017
Forslag til revidert kommuneplan vert lagt fram for formannskapet for 2. gongshandsaming	Nov./ des. 2017
Formannskapet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret for vedtak	Des. 2017

4. Føringar for planarbeidet

4.1 Nasjonale og regionale forventningar og føringar:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedtekne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 12.juni 2015.

Forventningane er denne gongen delt inn i tre tema: gode og effektive planprosessar, berekraftig areal- og samfunnsutvikling og attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at kommunane og fylkeskommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra framover.

- I tillegg til desse forventningane og føringane er det fleire stortingsmeldingar, nasjonale strategiar og rikspolitiske bestemmelsar som legg føringar for kommunane sitt planarbeid.

4.2 Regionale planar og føringar:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030
- Regional plan for folkehelse Hordaland 2014 - 2025
- Regional transportplan for Hordaland 2013 – 2024
- Regional plan for areal og transport på Haugalandet
- Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen – Rogaland
- Regional kystzoneplan – under arbeid
- Regional næringsplan 2013 – 2017
- Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – under arbeid
- Regional plan for vatn – vassregion Hordaland 2016 – 2021
- Interkommunal strandsoneplan – under arbeid
- Marin verneplan – under arbeid
- Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012
- Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune

4.3 Kommunale planar og føringar, planstatus i Stord kommune:

- Kommuneplanen 2010 – 2021, vedteken 15. desember 2011.
- Kommunedelplan Sagvåg og Litlabø – under arbeid
- Stadanalyse gruveområdet på Litlabø – under arbeid
- Folkehelseoversikt – under arbeid
- Skulebruksplanen
- Barnehageplanen
- Trafikksikringsplanen
- Kommunedelplan vassforsyning
- Kommunedelplan avløp og vassmiljø
- Klima og energiplanen
- ROS- analyse Stord og Fitjar
- Lokal energiutgreiing for Stord
- Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Fitjar og Stord
- Viltet på Stord – Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane
- Kartlegging av lokale friluftsområde – ferdig utkast

- Reguleringsplanar

5. Status, utviklingstrekk og prognosar

5.1.1 Folketal og demografi

Pr. 01.01.2016 var folketalet i kommunen 18685 innbuarar. Folketalet i kommunen er personar med fast bustadadresse i kommunen. I tillegg til dette har Stord til ei kvar tid 1500 – 2500 arbeidarar og studentar som ikkje er med i dette talet.

I tabellane og figurane under er folketalet vist fordelt på aldersgrupper og kjønn. Her ser ein at Stord framleis har ein ung befolkning. Vidare ser ein at i aldersgruppene opp til 69 år er det eit forholdsvis stort overskot av menn, mens det i aldersgruppene over 70 år er eit stort overskot av kvinner. Dette kjem i hovudsak som følgje av næringsstrukturen med mange industriarbeidsplassar og at kvinner lever lengre enn menn.




Fig. 1 Folketalet fordelt på aldersgrupper pr. 1.1. 2016




Fig.2 Folketalet fordelt på aldersgrupper og kjønn pr. 1.1.2016

	0-5 år	6-12	13-15	16-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80-89	90+
Menn	792	858	408	560	1328	1276	1382	1189	973	530	222	25
Kvinner	743	863	391	527	1229	1109	1278	1030	943	593	345	91
Totalt	1535	1721	799	1087	2557	2385	2660	2219	1916	1123	567	116

Tab.1 Folketalet fordelt på aldersgrupper og kjønn pr.1.1.2016:

5.1.2 Framskriving av folketalet 2015 – 2040

Dei neste tabellane og figurane viser SSB si framskriving av folketalet 2015 – 2040. Det er vist dei tre framskrivingane; middels, høg og låg vekst.

For framskrivingane fordelt på alder og kjønn er det berre vist alternativet med middels vekst som ein meiner er det mest aktuelle å leggja til grunn i det vidare planarbeidet.

I dette alternativet er veksten rekna til 170 – 260 personar i året tilsvarande 0,8 – 1,4 %. Alternativet med høgt vekst har ein vekst på 331 – 366 personar i året tilsvarande 1,4 – 1,8%. Av tala ser ein at veksten vert klart størst i dei eldste aldersgruppene.

	2015	2020	2025	2030	2035	2040	% pr. år
Middels nasjonal vekst	18682	19980	21296	22335	23320	24161	0,8 - 1,4
Høg nasjonal vekst	18721	20378	22138	23956	25772	27604	1,4 - 1,8
Låg nasjonal vekst	18642	19594	20395	21072	21552	21934	0,4 - 1,0

Tab.2 Framskriving av folketalet 2015 - 2040, SSB si middels, høg og låg framskriving




Fig.3 Framskrivning av folketallet 2015 - 2040, SSB si middels, høg og låg framskrivning

År	2015	2020	2025	2030	2035	2040
Alder						
0 år	243	267	272	268	265	267
1-5 år	1278	1349	1442	1450	1430	1430
6-12 år	1736	1877	1985	2159	2192	2168
13-15 år	801	790	892	888	962	974
16-19 år	1080	1038	1036	1119	1207	1275
20-29 år	2530	2579	2439	2413	2485	2610
30-39 år	2373	2650	2879	2912	2773	2732
40-49 år	2688	2655	2670	2907	3135	3169
50-59 år	2242	2554	2768	2716	2720	2938
60-69 år	1913	1987	2203	2507	2718	2667
70-79 år	1122	1480	1690	1776	1993	2287
80-89 år	562	605	758	1035	1188	1285
90 år og eldre	114	149	162	185	252	359

Tab.3 Framskrivning av folketallet 2015 – 2040 fordelt på aldersgrupper (SSB, alternativet middels nasjonal vekst)




Fig. 4 Framskriving av folketallet 2015 – 2040 fordelt på aldersgrupper (SSB, alternativet middels nasjonal vekst)

I 2014 var folkeauken 264 personar og fordelte seg slik: (Tal for 2015 ligg endå ikkje føre)

Fødde:	252	Innvandring:	263	Innflytting innland:	582
Døde:	112	Utvandring:	107	Fråflytting innland:	614
Fødselsoverskot:	140	Netto innv.:	156	Netto flytting innland:	- 32

Tab.4 Fødselsoverskot/ underskot, netto innvandring og netto flytting innanlands i 2014.

Av tabellen går det fram at folkeauken i Stord kommune har kome som eit resultat av høgt fødselsoverskot og netto innvandring. Folketalet i Stord har hatt ein forholdsvis jamn auke på 150 – 264 personar/1,0 – 1,5 % kvart år dei siste 30 åra. Denne utviklinga vil truleg halda fram og samsvarar godt med SSB sitt alternativt middels vekst.

Stord kommune vil framleis ha mange unge innbuarar og forholdsvis få eldre, men gjennomsnittsalderen vil gradvis auka og det vil verta fleire og fleire eldre.

Den siste figuren viser utviklinga i familiestrukturen. Hovudtrekka her er at det vert fleire einpersonsfamiliar/hushaldningar og par utan barn noko som m.a. må leggjast til grunn ved planlegging og lokalisering av framtidige bustadområde.




Fig. 5 Familiestruktur og endring 2010 - 2014

5.1.3 Utviklingstrekk:

- Jamn vekst i folketallet dei siste 40 åra som skuldast
 - o Fødselsoverskot
 - o Netto innvandring
 - o Flyktningar
- Framleis låg men aukande gjennomsnittsalder
 - o Framleis mange unge, men dei unge vert litt eldre
 - o Jamn auke i gjennomsnittsalderen som skuldast fleire eldre
 - o Er naturleg følgje av den forholdsvis store folkeauken dei siste 40 åra (12189 innb. i 1975, 18685 innb. i 2015 – auke på 6496 innb.), ein auke som skuldast store fødselsoverskot og høg netto innflytting og innvandring.
- Fleire eldre og dei eldre lever lenger enn før.
- Fleire ein- og topersonsfamiliar/hushaldningar

5.1.4 Utfordringar/ mål:

- Å framleis ha ein jamn folkeauke
 - o Gjera det attraktivt for unge å etablere seg i kommunen
 - o Oppretthalda netto innflytting
 - o Ta imot flyktningar og asylsøkjjarar
 - o Grupper med stort behov for offentlege tenester aukar

- Utviklinga i familietypar er ikkje i samsvar med tilgjengelege bustadtypar
 - Leggja til rette for at dei eldre og personar med nedsett funksjonsevne i størst mogleg grad kan leva gode, sjølvstendige liv
- Gje gode tilbod til eit aukande tal eldre/ til aukande tal personar som til ei kvar tid har behov for hjelp

5.2 Arbeid og sysselsetting

Type næring:	Sysselsette Stord kommune 2014:		Sysselsette Sunnhordland 2014:	
	Antal	%	Antal	%
Jord- og skogbruk	36		767	
Fiske og fiskeoppdrett-/ foredling	19		1627	
Samla primærnæringane	55	0,6%	2394	8,2%
Industri, gass- og oljeutvinning	2765		5273	
Bygg og anlegg, kraft- og vassforsyning	792		2903	
Samla sekundærnæringane	3557	35,8%	8176	28,1%
Media, kultur og kommunikasjon	252		577	
Hotell, restaurant, handel og transport	1935		5585	
Forretningsmessig og annan privat tenesteyting	1377		4200	
Samla tertiær utan off. adm. og tenesteyting	3564	35,9%	10362	35,6%
Kommunal tenesteyting	1771		6570	
Statleg tenesteyting	950		1452	
Samla off.adm. og tenesteyting	2721	27,4%	8022	27,6%
Anna/ ikkje oppgjeve	41	0,3%	156	0,5%
I alt	9938	100%	29110	100%

Auke i samla sysselsetting frå 2013 til 2014: 253 personar (tal for 2015 ligg endå ikkje føre)

Arbeidsplassdekning i prosent: 102,8 % (89,0 % for Sunnhordl.)

Vestlandet og Stord har låg arbeidsløyse, men som følgje av situasjonen i olje- og gassnæringa har arbeidsløysa i Hordaland og særleg i Stord kommune meir enn dobla seg i løpet av 2015 og til no i 2016. Arbeidsløysa i Stord er i dag litt i overkant av 6% noko som er urovekkande høgt.

Næringslivet og sysselsettinga i Stord kommune er karakterisert av høg andel sysselsette i sekundærnæringane gass- og oljeutvinning og bygg og anlegg,

industriarbeidsplassar. Det er likevel forretningsmessige næringar og privat og offentleg tenesteyting som samla sett har klart flest sysselsette.

Utviklinga i oljeprisen det siste året har ført til betydelege omstruktureringar og nedbemanningar i olje- og gassnæringa på Vestlandet og på Stord. For Stord der talet på sysselsette er høgt innanfor denne næringa vert konsekvensane difor ekstra store og utfordrande framover. Men konkurransesituasjonen i Nordsjøen og det at stadig fleire oppdrag går utanlands (Asia) har vel så stor betydning for Stord. Her er permitteringsreglane viktig verkemiddel for å halda på arbeidskrafta i tider utan oppdrag.

Ein konsekvens av dette er og at bedrifter i andre næringar som leverer varer og tenester til olje- og gassnæringa merkar nedgang og må kutta kostnader. Her kan ein og få ein ny konkurransesituasjon når Hordgast er bygd.

Eksisterande næringsliv og sysselsetting med sine ressursar, kompetanse og strategiske plassering gjer likevel at næringslivet på Stord har alle føresetnader for å lukkast i å innretta seg mot andre markadar, produkt og tenester og oppretthalda sysselsettinga innan alle område. På Eldøyane har Stord m.a. eit av dei største næringsclustera i landet.

For å nå dette må kommunen setja av nok areal til næringsutvikling, sikra god infrastruktur og samarbeida med næringslivet om verdiskaping og berekraftig næringsutvikling.



5.3 Kommunestruktur

Kommunesektoren står framfor viktige vegval når det gjeld framtidig kommunestruktur. Kommunen vil enten som eigen kommune eller som del av ein større kommune møte utfordringar som krev ny kunnskap og innovative løysingar i samarbeid med mange samfunnsaktørar. Kommunen vil møte auka press på tenester som følgje av demografiske endringar, fleire oppgåver og høgt investeringsnivå/ behov. Gapet mellom tenestene som vert tilbydd og forventningane til innbyggjarane vil stadig auka.

Utviklinga på Stord har stor betydning for nabokommunane og heile regionen. Utviklinga i nabokommunane har stor betydning for Stord.

Stord og Fitjar vart 28.01.2016 einige om ein avtale om kommunesamanslåing. Det er lagt opp til rådgjevande folkerøysting i kommunane 25. april og endeleg avgjerd frå kommunane si side i kommunestyra i dei to kommunane 22. og 23. juni. På bakgrunn av kommunane sine tilrådingar fremjar departementet ein proposisjon til Stortinget med framlegg til samanslåingar våren 2017 . Samanslåingane skal eventuelt vedtakast i Stortinget før sommaren 2017.

5.4 By- og tettstadstrukturen i kommunen:



By- og tettstadstrukturen:

By- og tettstadstrukturen:

Stord kommune er liten i utstrekning, alt er nært.

Dei aller fleste bur og arbeider i områda langs aksen Rommetveit- Leirvik - Heiane - Sagvåg.

Leirvik er kommunesenteret og regionsenter. Nordbygdo, Heiane, Sagvåg/ Litlabø og Huglo er bydelssentra/ lokalsentra i kommunen.

Dei aller fleste offentlege og private arbeidsplassane/ verksemdene ligg innanfor desse områda.

Dei aller fleste har tilgang til offentlege og private tenester, friluftsliv- og rekreasjonsområde mv. innanfor korte avstandar.

Gjeldande kommuneplan legg til grunn at vidare utbygging og utvikling framleis skal skje innanfor desse områda og langs utviklingskorridorane Leirvik - Nordbygdo/ Rommetveit og Leirvik - Heiane/ Digernes/ Eldøy - Sagvåg/ Litlabø.

Revisjonen/ rulleringa av kommuneplanen må ta stilling til om desse utviklingskorridorane framleis skal leggjast til grunn og kva omfang og utstrekning utbygging langs dei ulike korridorane skal ha.

Det må fastsetjast kva kriterier som skal leggjast til grunn ved vidare utbygging. Vidare utbygging må m.a. byggja på god kunnskap om natur- og miljøverdiane.

Kommuneplanen har ein stor arealreserve for nye bustader. Men alle områda er i privat eige og all utbygging skjer i dag i privat regi. Kommunen har i dag lite styring med kva tid dei enkelte område vert planlagde i detalj og bygd ut.

Det skjer ei viss dreining frå hovudsakleg einebustadområde til område for konsentrerte småhus og leilegheiter. Mykje av leilegheitsbygginga skjer i Leirvik og Sagvåg sentrum noko som m.a. fører til generasjonsskifte i eldre etablerte einebustadområde.

Ei overdimensjonering av bustadareal i kommuneplanen og lite styrt utbyggingsrekkefølge kan føra til utfordringar når det gjeld byspreiing og behov for offentlege investeringar i infrastruktur.

Kva offentlege tenestetilbod skal bydelssentra ha? Skule-, barnehage-, helse-, sosial-, kultur – og fritidstilbod. Offentlege og/ eller private?

Mykje av handelstilbodet og andre privat tilbod og tenester er i dag i etablert i Leirvik og på Heiane. Stord har handelsoverskot. Det meste av handelen foregår på Heiane og i Amfi senter på Leirvik. På Amfi senter vert det handla meir og meir, men Leirvik sentrum utanom Amfi har nedgang i handelen og det vert ei større og større utfordring å få meir handel og aktivitet tilbake til denne delen av sentrum i konkurranse med kjøpesentra og netthandelen.

5.5 Mijløstatus og utfordringar

Talfesting av kommunale klimagassutslepp er ei viktig brikke i kommunen sitt klimaarbeid, men kommunen har i dag ikkje tilgang til detaljert informasjon om utslepp og effekt av tiltak. SSB sine data for åra 2009, 2011 og 2013 som nett er publisert har ikkje med data for utslepp frå industri, energisektoren og oppvarming for kommunar med mindre enn 20.000 innbyggjarar. Ei viktig oppgåve i planarbeidet vert difor å skaffa gode utsleppsdata og få vurdert kva tiltak som kan gjerast for å få ned utsleppa.

Utslepp frå stadig aukande biltrafikk, aukande nedbørsmengder, stormar, høg vasstand mv gjer det stadig viktigare å løfta klimaarbeidet fram som ein viktig del av planarbeidet i kommunen for å vera med å skapa lågutslepp samfunnet.

Kommunen har ikkje store utfordringar knytt til rasutsette område eller område med forureina grunn bortsett frå fyllittområda i Heianeområdet. Kommunen har press på viktige og verdifulle natur-/ grøntområde, grøn- og blåstruktur langs sjø og vassdrag og ei viktig oppgåve ved å oppretthalda god vasskvalitet i sjø- og ferskvatn.

5.6 Samferdsel og infrastruktur

Dagens E39 vil i løpet av dei næraste 4 – 10 åra verta utbygd til ny firefelts motorveg. Den nye vegen vil i hovudsak liggja der noverande E39 ligg. Den nye vegen med sine kryss og påkoblingar til lokalvegnettet vil vera viktig premiss for vidare planlegging og utvikling i kommunen.

Det er eit mål å få eit godt tenleg og trafikksikkert lokalvegnett med gode tilknytingar til den nye E39 og med godt utbygd kollektivtilbod og gang- / sykkelvegnett.

Stord er viktig trafikknutepunkt både for landvegs og sjøvegs transport av gods og passasjerar. Det er viktig å leggja tilhøva best mogleg til rette slik at nabokommunane har best mogleg tilgjenge til tenestene i regionsenteret og best mogleg nytte av den nye E39. Det må setjast fokus på heilskapen og samhandling mellom offentlege og private aktørar.

Kommunen har nyleg vedteke kommunedelplan for vassforsyning og kommunedelplan for avløp. Planane viser at kommunen har eit godt utbygd vass- og laupsnett men at det heile tida er behov for stor innsats både til nyanlegg og oppgraderingar av eksisterande anlegg for å gje kundane det dei har krav, oppfylla miljø- og reinskav og for å byggja ut det offentlege nettet i takt med utbygging av nye byggeområde.

Ved utbygging av vassforsyning, avløp, overvatn, el, tele og breiband må det heile tida vera fokus på samhandling mellom kommunen, andre offentlege aktørar og private utbyggjarar og aktørar.

5.7 Folkehelse

Oversiktsdokument over helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa skal i følgje lovverket vere grunnlagsdokument for planstrategien. Det ligg føre ferdig oversiktsdokument og innhaldet i dokumentet er viktige premissar for kommuneplanarbeidet.

Oversiktsdokumentet inneheld ei rekkje ressursar og utfordringar.

Det er særleg samfunnsdelen i kommuneplanen som ivaretar det breie folkehelsearbeidet. Fokus på samfunnsdelen som førande for arealdelen er difor viktig. Følgjande fokusområde er sentrale:

- Bustadbygging i tråd med behov – forventa fordeling av familietypar, økonomi osv.
- Sikre tilgang til strandsona og til bustadnære friområde.
- Sterkare satsing på barnehage og skule som førebyggjande/helsefremjande arena. I dette ligg også å motvirke fråfall i vidaregåande. Trivsel og meistring.
- Tiltak retta mot å redusere unge sosialstønadsmottakarar (18-25 år), og antal yngre uføre, spesielt kvinner 30-44 år
- Tilpasse lokalsamfunnet og næringslivet slik at det gir minst mulig belastning for familiar i ei tid med aukande pendling
- Leggje til rette for meir kvardagsaktivitet/fysisk aktivitet, spesielt for barn/unge. Aktiv skuleveg, nærmiljøanlegg og lågterskelaktivitetar er stikkord her
- Etablere fleire uformelle møteplassar
- Utvikle system for felles registrering av skader og ulykker
- Tiltak for inkludering og integrering av grupper som opplever å bli ekskludert.
- Etablere gode system for innbyggjarmedverknad

Kommunen skal på bakgrunn av oversiktsdokumentet utarbeida overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Dette er lokale føringar som skal inngå i kommuneplanen sin samfunnsdel, handlingsdel og økonomiplan.

Konkrete tiltak for å nå måla skal inngå i dei ulike sektorane sine handlingsplanar. Det kan vera aktuelt å laga ein overordna handlingsplan for folkehelse med framlegg til tiltak i dei ulike sektorane.

6. Sektorane si verksemd

6.1 Oppvekst og utdanning

Status, utvikling og utfordringar

Barnehage

Kommunedelplan barnehage 2015 – 2025 vart vedteken 19.03.2015.

Det vert per i dag arbeidd med oppfølging av kommunedelplanen der mellom anna plassering av ein ny barnehage i område Sagvåg skal drøftast. Politikarane har lagt føring på at han skal plasserast i oppvekstområde Sagvåg/Litlabø.

Skule

Kommunedelplan skule 2012 – 2020 (skulebruksplanen) vart vedteken 23.01.2013. Det vert i dag arbeidd med oppfølging av skulebruksplanen ved m.a. bygging av ny Stord ungdomsskule og vurdering av kva som skal skje med Nysæter ungdomsskule.

Det er ikkje lagt opp til revisjon av barnehageplanen eller skulebruksplanen i neste planstrategiperiode, men temaet oppvekst og utdanning i samfunnsdelen i kommuneplanen vil verta oppdatert og revidert som del av kommuneplanarbeidet.

6.2 Rehabilitering, helse og omsorg

Status, utvikling og utfordringar.

Kommunen har fått fleire oppgåver tillagt i samband med samhandlingsreforma innan somatikken. Sentrale signal er at fleire oppgåver vert lagt til, m a betalingsplikt for ferdigbehandla innan psykiatri-og rusområdet. Kommunen får og plikt til å ta imot ØH frå same området. I samband med dette må kommunen byggja ut tenestene i samsvar med nye behov og auka kompetansen innan nye områder.

Det vert ei demografisk endring framover, der det blir stor auke i innbyggjarar over 80 år og høvesvis færre i yrkesfør alder. I samband med dette må tenestene innan rehabilitering, helse og omsorg jobba meir helsefremjande og førebyggjande og auka bruk av velferdsteknologi, for å avgrensa behov for tenester. I tillegg vil det bli utfordrande å behalda tilsette og rekruttera nye med naudsynt kompetanse.

Ein ser ei utvikling med nye brukargrupper. Dei siste tiåra har det blitt omtrent ei tredobling av tal på yngre brukarar under 67 år som får heimetenester. Innan rus- og psykiatriområdet har fleire kognitiv svikt som følgje av langvarig rusproblem eller av somatiske årsaker. Personar med utviklingshemming har lengre levetid, og utfordringar i høve «eldreomsorg» for desse er nytt. Med såpass ulike brukargrupper er det større behov for differensiering av institusjonsplassane.

For å ha ei bærekraftig teneste inn i framtida er det viktig å avklara forventningar med innbyggjarane. Folk må i større grad ta ansvar for eige liv, og pårørende/ frivillige må koma meir på banen.

Det er stort press på kommunen sine institusjonsplassar. Fleire sterkt omsorgstrengande heimebuande burde hatt ein institusjonsplass, og kommunen klarar ikkje å ta imot alle ferdigbehandla brukarar frå Helse Fonna.

Status for gjeldande planar og planbehov dei neste fire åra

- Plan for rehabilitering, helse og omsorg gjeld til 2020, men treng ei rullering i inneverande 4 års periode. Plan for psykisk helse er del av RHO plan
- Bustadsosial handlingsplan er i ferd med å rullerast
- Samordningsplan for pleie, rehabilitering og omsorg er revidert i 2015
- Strategisk kompetanseplan for RHO har ei årleg revidering
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan og Alkoholpolitiske retningsliner skal oppdaterast. Ein tek sikte på å slå saman desse planane.
- Rullering av Handlingsplan for flyktningtenesta

Andre

Ny ROS analyse for Stord/Fitjar er vedteken og arbeidet med rullering av beredskapsplanverket er starta opp.

6.3 Næring, miljø og kultur

6.3.1 Næring

Status, utvikling og utfordringar

I samband med den utfordrande situasjonen ein står overfor innan olje- og gassindustrien på Stord, ser ein no nedgang i sysselsetjing og verdiskaping. Nedgang i oljepris, i kombinasjon med konkurransesituasjonen ved at stadig fleire oppdrag går utanlands (Asia) og ulike globale utfordringar gir eit noko usikkert framtidsbilete. Stord er ein stor og viktig aktør innan enkelte næringssegment. Dette gir store moglegheiter til å lukkast i framtida, og i dette arbeidet er kommunen viktig.

Næringslivet på Stord er prega av store hjørnesteinsbedrifter som er knytt opp mot olje/gass/maritim næring. Bedriftene har til felles at dei opererer på internasjonale marknader prega av hard konkurranse, og det vil av den grunn vera sterke insentiv til rasjonalisering og effektivisering. Dette, saman med ein noko einsretta næringsstruktur, gjer den lokale økonomien svært sårbar. Det er gjennomført nedbemanning i fleire av dei store bedriftene det siste året, og ytterlegare kutt er varsla.

Ei av dei store utfordringane i dette bilete vil vera faren for konkursar og oppseiingar hjå underleverandørar og i næringslivet generelt. Dei store bedriftene kan med ein del endringar tilpassa seg ein relativt lang nedgangsperiode. Ein er van med syklusar. Det vert nok for mange mindre bedrifter større utfordringar. Deira «apparat» er dårlegare, og for mange av

desse er det nytt å måtta stå i lengre periodar med nedgangstider. Ein har verken system/organisering, økonomi eller kompetanse til å klara det.

Samla sett er dette ei stor utfordring for den produksjon –og kompetansemuskelen me har i vår kommune, å sikra og halda på kompetansen som er grunnlaget for dette. Og ringverknad vil over tid ramma heile næringslivet i kommunen. Stord kommune og regionen skal framstå som attraktiv for dei sterkaste talenta, og rekruttera på topp internasjonalt nivå. Dette gir eit varig konkurransefortrinn, og er ein sentral faktor i kunnskapsutviklinga framover.

Status i bedrifter i kommunen er at dei tek omstilling på alvor, og arbeidar kontinuerleg med forbetringar, produktutvikling og andre justeringar som auka produktivitet og evne til å vera ein aktør i marknaden. Industrien i seg sjølv tek ansvar for eiga omstilling. Og slik ein i dag ser det er det ikkje på noko vis snakk om at ikkje olje og gass sektoren vert viktig også i framtida. Det er ikkje snakk om eit anten eller, men at ein i bedrifter og i kommunen bør utvikle fleire, solide bein å stå på økonomisk.

Framover vert det viktigare enn nokon gong at bransjar og enkeltbedrifter finn saman og utviklar seg, både internt i eigen bransje og på tvers. Konkurransedyktig verdiskaping vert utvikla gjennom auka produktivitet, samt utvikling av kompetanse og kommersiell innovasjon. Saman kan ein skapa ei innovasjonskraft som er større enn det den enkelte bedrift har. Og i dette bilete kan Stord kommune ha ei viktig rolle som initiativtakar og deltakar..

Utvikling av eit meir robust næringsliv, større lønnsemd og arbeidsplassutvikling gjennom nyetableringar og i eksisterande næringsliv bør stå tydeleg på agendaen til kommunen. Stord scorar høgt på sårbarhetsindeks for næring, og kommunen bør fokusera på arbeidet med å utvikla nye, sterke næringsklynger, i tillegg til eksisterande.

Det er gjerne deler innan eksisterande klynger som på sikt dannar utgangspunkt for nye, sterke og spissa kompetanse- og forretningsområder. Nye moglegheitsrom oppstår gjerne i møtepunkt mellom kompetanse og/eller naturgitte ressursar ein allereie har, og ny kunnskap eller nye marknadsmoglegheiter.

Kommunen må arbeida tett med industribedriftene og næringslivet elles, det må **lagspel** til om me skal få opp nye bedrifter og «fleire bein» å stå på.

Korleis kan kommunen bidra i høve til evt. omstrukturering og nytenking,

Ei bedrift sitt konkurransefortrinn heng tett saman med, og startar gjerne lokalt i eige nærmiljø. Vekst og utvikling i lokalt næringsliv gir kommunen større attraktivitet, og kommunen har eit særskilt ansvar når det gjeld å leggja til rette for dette.

Stord kommune skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med innovasjon, entreprenørskap og bærekraftig næringsutvikling. I dette ligg det at ein som kommune tek ei meir tydeleg og aktiv rolle for etablert næringsliv, med viktige fokusområder som tilrettelegging av areal, rammevilkår, arbeidskraft, kunnskap og kompetanse.

Ikkje minst så er kommunen si rolle som innan omdømmearbeid og utvikling av regionsenteret ein sentral del av næringsarbeidet.

Kommunen har og ei viktig rolle med å ha god tenesteyting overfor næringslivet, dei tilsette og deira familiar. Einingane for regulering, byggesak og oppmåling, kulturtenester og andre einingar har ei viktig rolle ved tilrettelegging av areal, infrastruktur og for andre behov.

Kommunen bør setta seg i førarsete, saman med næringslivet, når det gjeld arbeidet med vidare klyngeutvikling. Ein har i dag ei sterk klynge innan maritim/olje og gass, men også innan marin næring, energi, IT-teknologisatsing, reiseliv/sportsturisme mm kan ein sjå på moglegheiter.

Kva delmål og strategiar bør kommunen ha når det gjeld næringsliv og sysselsetting framover

Det vil for eksisterande og framtidig næringsliv vera særst viktig at kommunen møter den utfordrande situasjonen på ein offensiv og framoverlent måte. Omstillingsprosessar er krevjande, og vert sjeldan slik ein føreset.

Forutsigbarheit er viktig for utvikling i næringslivet. Dette går på politiske avgjersler, kompetent arbeidskraft og på styrking av infrastruktur. Bygging av ny E 39 og framdrift innan andre samferdselsprosjekt er viktig.

I samarbeid med eit breitt næringsliv kan ein etablera eit aktivt næringsforum med konkret fokus på utvikling av kommunen sitt framtidige næringsliv.

Ein kan arbeida for industriell knoppskyting. Svært mykje kompetanse vert frigitt, og bedriftene har fokus på å finna nye løysingar noko som er ein god kombinasjon for industriell knoppskyting.

Styrka og utvikla posisjonen som regionsenter og ha ein tydelegare posisjon. Her kan ein forsterka samhandling og samarbeid mellom ulike aktørar i regionen.

Ein kan forsterka konkurransekraft for næringslivet gjennom tydeleg omdømmearbeid. Det at kommunen er attraktiv å bu og leva i trekk til seg viktig kompetanse. For framtidig vekst og innovasjonsevne treng kommunen nye verksemder som etablera seg og utvikla seg. Kommunen kan gjennom omdømmearbeid tiltrekka seg fleire aktørar som skaper arbeidsplassar.

Ein må arbeida for å sikra tilgang til adekvat næringsareal, i tråd med næringslivet sine behov.

6.3.2 Vatn og avløp

Status, utvikling og utfordringar

Det er viktig å utarbeide ein kommunedelplan for overvatn, og «timinga» er god i forhold til det arbeidet som pågår ved utarbeiding av eit lovverk som ser overvatn i eit overordna samfunnsmessig perspektiv.

Hovedplan / kommunedelplan for overvatn

Det er i dag ei rekke uavklarte forhold knytt til ansvar, forvaltning og finansiering knytt til overvassanlegg spesielt, og generelt kommunane sitt lovgrunnlag og mynde til og gjennomføre og stille krav til håndtering av overvatn i samband med arealplanlegging og byggjesakshandsaming. Problemstillingane knytt til overvatn har medført at regjeringa i april 2014 vedtok å sette ned eit lovutval for overvatn. Utvalet skal etter planen avslutte sitt arbeid med ei innstilling innan 1. desember 2015. Ein vil difor avventa å leggje sterke føringar om forvaltning, drift, vedlikehald og finansiering til lovgrunnlaget er avklart.

Mandatet til lovgrunnlaget er mellom anna konkret å skildre og vurdere :

- Mynde i samband med arealplanlegging og byggjesakshandsaming.
- Beredskap, dimensjonering og førebyggjande tiltak.
- Lovgrunnlag for å gebyrfinansiere overvasstiltak gjennom regelverket om kommunale vatn – og avløpsgebyr, og eventuelle refusjonsordningar i denne samanhengen.
- Behov for regulering av kommunen sine pliktar som eigar av vatn -, avløps- og overvassanlegg.
- Behov for å forskriftsfeste vilkår kommunen kan fastsetje ovanfor abonnentane.
- Klargjering og harmonisering av lovverk; plan og bygningslova, forureiningslova, vassressurslova og andre lovverk.

6.3.4 Hamn

Status, utvikling og utfordringar

Stord Hamnestell meiner det er viktig for den framtidige drifta av hamneanlegga i Stord Kommune å få revidert hamneplanen for Stord då det er skjedd fleire viktige endringar i hamnedrift og hamnesamarbeid dei siste 10 åra.

Det er i dag ei rekke uavklarte forhold knytt til ansvar, forvaltning og finansiering av kai og bryggeanlegg i Stord kommune sitt hamnedistrikt. Det er bygd større bustadeiningar nær kaianlegga, og det er frå bustadhold framsatt klager på støy, forureining og visuell forureining retta mot fartøy, støy ved arbeid om bord i fartøy, og støy frå biltrafikk på kaiplan.

Aktuelle problemstillingar knytt til dette er kan være at Stord Hamnestell har sitt virke etter hamnelova samt EU forordning 725/2004. Stord Kommune elles har sitt virke i henhold til kommunelova og forvaltningslova. Her ser ein at det kan oppstå motstridande interesser når det gjeld utøving av virke.

Stord hamnestell meiner difor at mynde gjeldande forvaltning av hamneanlegg – då spesielt i indre Leirvik hamn, bør tydeliggjerast og forankrast i både kommunedelplanen og hamneplan.

Vidare arbeider hamnestellet med å vidareutvikla sine anlegg ved Stord Hamn, Eldøyane. Det er sett i gang tiltak for å kjøpa meir areal som skal nyttast til hamnedrift.

Det er signert avtale med REN AS om etablering av beredskapslager ved hamnestellet sitt anlegg på Eldøyane. Dette ser hamnestellet på som eit viktig ledd i arbeidet med å vidareutvikla og auka hamneareal ved Eldøyane for å vera i forkant av utviklinga innan maritim sektor i Sunnhordlandsregionen.

Stord kommune, hamnestellet har også starta eit prosjekt om interkommunal hamnedrift i Sunnhordlandsregionen. Dette arbeidet er godt i gang og prosjektmidlar er her tildelt frå Kystverket Vest. Dette prosjektet vert forsøkt slutført i 2016.

Stord Hamnstell ser for seg ei utvikling retta mot Eldøyane der ein ser at det meste av reell hamnedrift vert utført. For indre Leirvik Hamn er det få moglegheiter anna enn å nytta eksisterande kaianlegg til mindre lasting/lossing som ventekaiar og opplagskai.

Planbehov for hamnestellet er å rullera hamneplanen, vidareutvikla hamneanlegga på Eldøyane Industriområde samt tydeliggjera ansvarsforhold gjeldande kaianlegg, veganlegg og bustader i indre Leirvik Hamn.

6.3.5 Landbruk og miljø

Kort om status, utvikling og utfordringar

Landbruket i Stord

Stord er eit samfunn der industri og handel er dominerande næringsvegar. Landbruket står for ein liten del av samla sysselsetting, men er likevel ei viktig næring med omsyn til matvareproduksjon, skogsdrift, viltforvaltning og kulturlandskap.

Gardsbruka driv primært med husdyrhald, og nesten alt jordbruksareal vert nytta til fôrproduksjon. Dei jordbruksverksemdene som søkte produksjonstilskot i 2015, hadde til saman 6993 dekar grovfôr og 5 dekar potet, grønsaker, frukt og bær.

I 2015 var det 6 bruk med mjølkeproduksjon i kommunen, ein nedgang frå 10 bruk i 2010. I same periode gjekk tal bruk som søkjer produksjonstilskot til sau, opp frå 50 til 55.

Utviklinga går i retning av større einingar og færre landbruksverksemder. Dette gjer seg særleg gjeldande innan mjølkeproduksjonen. Etter at det har vore ein periode med relativt låg investeringstakt i jordbruket, er det no fleire som satsar på nybygg og auka produksjon. I Stord kommune er det for tida på Huglo ein ser dei største satsingane.

Jordvern

I eit samfunn med tettstadutvikling og samferdsleutbygging er jordvernet ofte ei utfordring. Regjeringa la i 2015 fram ein nasjonal jordvernstrategi, der det går fram at årleg omdisponering av dyrka jord skal vera under 6000 dekar for heile landet. Dette er eit ambisiøst mål med tanke på utbygging i høve til prognosar om ein relativt høg vekst i folketal. Men det er også eit mål at jordbruket skal auka omfanget av matproduksjonen. Difor må vern av dyrka og dyrkbar jord vera eit sentralt emne i planarbeidet framover.

Moment i planarbeidet

Kjerneområde for landbruk er viktig ved at mest mogeleg samanhengande produksjonsareal gjev betre driftstilhøve. Gode buffersoner mot bustadområde og andre arealføremål reduserer faren for mogelege brukarkonfliktar.

I samband med vegutbygging må ein ta omsyn til at dei som driv landbruk ikkje får problem med tilkomst til eigne areal. Dette gjeld både innmarksteigar og utmark.

Når utmarksareal vert tekne i bruk til utbyggingsføremål, er eitt av mange viktige omsyn at ein ikkje hindrar hjorten sine naturlege trekkvegar.

Naturmangfald

Det er ei viktig oppgåve og stor utfordring å ta vare på det biologiske mangfaldet i kommunen. «Kartlegging og verdifastsetjing av naturtypar i Fitjar og Stord» er til stor hjelp i dette arbeidet. Kommunen må likevel til ei kvar tid sjå til at alle planar og tiltak vert sjekka ut i høve til Naturmangfaldlova for at ikkje verdifull natur skal reduserast eller gå tapt. Til dømes har kommunen dvergålegras som i 2015 er vedteke skal vera prioritert art. Det har og i seinare tid vorte mykje fokus på korallrev i Langenuen som krev god beskyttelse. Forslaget til marin verneplan for eit område på austsida av Huglo er og viktig premiss for arbeidet med revidering av kommuneplanen.

Forureining

Til vatn

I Regional plan for vatn- vassregion Hordaland 2016 – 2021 er målet god økologisk og kjemisk tilstand. Planen vart vedteken av Fylkesutvalet i Hordaland i nov 2015 og skal godkjennast av KLD i mars 2016. Planen skal vera innspel til kommunen si planlegging og eit grunnlag for vidare tiltak, budsjett og einskildvedtak.

Til grunnen

Kommunen er forureiningsmynde etter forureiningsforskrifta kap. 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid. Bransjar ein må vera ekstra merksame på her er avfallsdeponi, industri, gartneri, gruver, bensinstasjonar, skipsverft, skraphandlarar og bilopphogging, skytebanar, småbåthamner, trykkeri m.m.

Forsøpling er eit kontinuerleg problem og til stor sjenanse og irritasjon for dei det gjeld. SFLMK samarbeider med kommunelege og SIM for å løysa slike saker.

Klima og energi

Stord har sin andre temaplan for klima og energi, den siste vart vedteken i 2008. Den vart følgt opp med handlingsplan for 2011 – 2013 men lite har skjedd i praksis. I staden for å revidera temaplanen og laga kommunedelplan for klima og energi har kommunen no i eiga sak vedteke å starta arbeidet med å miljøsertifisera kommunen og å forankra klimaarbeidet elles i kommunen i kommuneplanen. I løpet av første kvartal 2016 vil Miljødirektoratet leggja fram ein utvida rettleiar om klima- og energiplanlegging i kommunane som vil verta viktig premiss for kommunane sitt arbeid. www.miljokommune.no og www.miljostatus.no er nyttige nettsider og hjelpemiddel for å følgja opp klima-, miljø- og energiarbeidet i kommunen. SKL oppdaterer kvart 2. år lokal energiutgreiing for Stord.

Gjeldande planar og planarbeid framover

Av sentrale planar for landbruk og miljø er Landbruksplanen for Stord og Fitjar og Forvaltningsplan for hjort på Stord. Det vert sett i gang arbeid med å revidera begge desse planane i 2016.

Arbeidet med å miljøsertifisera kommunen startar i 2016 og temaet klima og energi elles skal heretter inngå som ein del av kommuneplanen.

6.3.6 Kultur

Status, utvikling og utfordringar

Det er trong for å revidera kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. I planen står det: «Dei siste 50 åra er det på Stord gjort større naturinngrep enn i dei føregåande 10 000 åra til saman. Skal kommande generasjonar få del i kulturminnearven frå det gamle jordbrukssamfunnet hastar det å verna noko av det som er att av han». «Også spora etter aktiviteten dei siste hundreåra er kulturminne.» Kulturmiljø og kulturminne som er nemnt i planen er øydelagde /forringa i åra etter at planen vart vedteken. Planen er eit viktig arbeidsverktøy i sakshandsaminga i bygge- og reguleringsaker og bør vera oppdatert. Kulturminne kan vera ressursar for opplevingar, kunnskap og verdiskaping.

Planarbeidet må gje svar på korleis kulturtilboda både kan spegla kulturarven og vera nyskapande.

Kulturplanen 1996 – 2008 var eit godt arbeidsverktøy. Det er trong for ein ny sektorplan for kultur. Ein ny plan må ta omsyn til ei eventuell kommunesamanslåing og freista ta opp i seg dei store endringane som har skjedd m.a. som konsekvens av det gjennomdigitaliserte samfunnet. Viktige spørsmål å finna svar på vil vera korleis endringane med omsyn til samværsformer er, trongen for møteplassar og fellesskap for dei ulike generasjonane. Kultur er noko som oppstår, veks fram og vert endra i møte med andre kulturar. Korleis møter me med det kulturelle mangfaldet? Har me eit kulturliv som er ope og inkluderande for alle?

Eit levedyktig lokalsamfunn må ha kulturelle ambisjonar. Korleis vil infrastrukturen, t.d. ny E 39, påverka samfunnet og kulturlivet vårt?

Dagens og morgondagens generasjonar vil stå overfor større omstillingar i livet enn tidlegare generasjonar. Dette stiller større krav til kreativitet.

6.3.7 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kort om status, utvikling og utfordringar

Å sikra lågterskeltilbod som tilgong til leikeareal og friluftareal der folk bur er viktig. Ein skal kunna gå heimanfrå på gang-/sykkelvegar og stiar - utan bruk av bil og koma seg ut i naturen eller til skule, fritidsaktivitet og arbeid.

Det er viktig å leggje til rette for at barn og unge kan etablere gode aktivitetsvanar, men det er også viktig å leggje til rette for at vaksne og eldre kan få høve til å oppretthalde eller auka sin fysiske aktivitet. Utsette grupper og menneske med nedsett funksjonsevne lyt få ekstra merksemd. Sosial skilnad innan levevanar er og ei utfordring.

Ein har også ei rekkje utfordringar i høve tilrettelegging og infrastruktur knytt til rekreasjonsområda, m.a. parkeringshøva, og det er også ei utfordring å sikra areal til rekreasjon og friluftsliv i pressområde. Alle har ikkje tradisjon for å vera fysisk aktive. Ei utfordring vert korleis ein kan gje nye grupper kunnskap,

motivasjon og positiv erfaring med fysisk aktivitet, slik at dei i neste omgang sjølv vel å nytta aktivitetstilboda som finst.

Det handlar ikkje berre om anleggsutvikling og organisert idrett. Gjennom tilrettelegging for spontan og/eller eigenorganisert aktivitet (turstiar, badeplassar osv.) vil ein gjere aktive val enklare. Vidare skal omsynet til universell utforming vera ein faktor i all tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Sentrale moment framover vert difor:

Kartleggja og kategorisera gjeldande turvegar/stiar der kvaliteten på dei kjem fram og laga digitale kart med ruteskildring som er lett å skriva ut og ta med seg.

Rehabilitera og vedlikehalda eksisterande anlegg.

Følgja opp kommunedelplan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Stord 2015 – 2025, vedteken 12.02.2015.

Følgja opp kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Stord kommune, ferdig 2016

Revisjon av prosjektrapportane Grøntstruktur ,turvegar og gang- og sykkelvegar på Stord og Plan for regionale idretts, friluftslivs og kulturanlegg i Sunnhordland 2009-2013

6.3.8 Plan

Sunnhordlandsregionen med Stord kommune som A-eigar er med i byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Hovudprosjektet har tittelen «Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland!» Delprosjektet «den tette byen» har fylgjande definerte mål: «Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå». RBO har prosjektleinga av dette prosjektet som vart starta i 2015; hovudaktiviteten i prosjektet vil vere i 2016-2017. Prosjektet set søkelys på både kommunikasjonar inn og ut av byregionsenteret Leirvik, samt kva som må til for å gjere sentrum meir attraktivt. Analysane som vert gjort i samband med prosjektet vil danne grunnlag for revidering av kommunedelplan for Leirvik, evt. utarbeiding av områderegeringsplan.

7. Utfordringar og mål og strategiar framover

Gode, langsiktige og føreseielege overordna planar er viktig for framtidsretta og berekraftig utvikling av kommunen og for gode og effektive plan- og byggeprosessar.

Stord vil framleis vera ein vekstkommune og utbygging og fornying av infrastruktur med tenleg vegnett, gang-/ sykkelvegnett, va-nett og kommunale tenester vil vera eit av hovudfokusområda framover.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen vil ha stort fokus på samspelet mellom arealbruk og viktige utfordringar for Stordsamfunnet framover. Ei hovudutfordring vil vera arbeidet med omstilling frå høg aktivitet og sysselsetting innan olje- og gassektoren til korleis kommunen i lag med næringslivet best mogleg kan leggja til rette for nye næringar og arbeidsplassar. Stord har gode føresetnader for å lukkast med grunnlag i sentral plassering, eksisterande og tilgjengelege ressursar, arbeidskraft, kompetanse, næringar og næringsmiljø. Men skal ein lukkast må ein og kunna tilby attraktive stader å bu, gode oppvekstvilkår, gode kommunale tenester, attraktive by- og lokalsenter, eit inkluderande Stordsamfunn, gode kommunikasjonar m.v. Næringslivet treng kompetent arbeidskraft og kompetent arbeidskraft etterspør attraktive arbeidsplassar og attraktive stader å bu og opphalda seg.

Kva grep kommunen kan gjera for å leggja best mogleg til rette for næringsutvikling og omstilling og vera konkurransedyktig og attraktiv for nyetableringar og arbeidstakarar vert ein viktig del av arbeidet med revisjon av kommuneplanen og prosessen og medverknaden knytt til planarbeidet.

Rådmannen gjer og framlegg om å spissa revisjonen av samfunnsdelen inn mot arbeid, næring og utvikling. Stordøya står overfor ein samferdslerevolusjon, med ny E39 og Hordfast. Låg oljepris, ein meir konkurranseutsett leverandørindustri og det varsla grøne skiftet er også faktorar som har og vil påverka Stord-samfunnet, og som tilseier at ein bør leggja til grunn eit overordna utviklingsperspektiv i samfunnsdelen. Den vidare utviklinga av dei kommunale tenesteområda vil bli ivaretekne ved rullering av kommunedelplanar for rehabilitering, helse og omsorg, for kvalitet og utvikling oppvekst og utdanning, for barnehage, skulebruksplan m.fl.

Planarbeidet må skje i tett dialog og samarbeid mellom administrasjonen, politikarane, næringslivsaktørar, lag og organisasjonar og innbyggjarane elles.

Utbygging og fortetting framover må skje med fokus på kvalitet, å sikra gode urbane kvalitetar, ta vare på/ ikkje byggja ned verdifulle næringsområde/ grøntområde.

Planarbeidet framover må byggja på godt kunnskapsgrunnlag, kunnskapsbasert planlegging vil vera eit viktig fokusområde.

Planarbeidet skal sikra eit godt grep om utbygging og vern av strandsona ved å slutføra arbeidet med den interkommunale strandsonenplanen gjennom kommuneplanen.

God folkehelse er ein av dei viktigaste ressursane til samfunnet. Omsynet til god folkehelse for alle må liggja til grunn i alt planarbeid. Sosiale helseskilnader er ei stor og veksande utfordring som treng særleg fokus i planarbeidet. Korleis få til utbygging og utvikling som kan gje meir lik fordeling av helse.

Ny E39 over Stord vert avklart gjennom eigne kommunedelplanar og vil vera viktig premiss for planarbeidet og for vidare utvikling i kommunen.

Vidare utvikling av Leirvik og Sagvåg og Litlabø skal avklarast gjennom eigen kommunedelplan eller områderegulering for Leirvik, «Den Tette Byen», og pågåande kommunedelplanarbeid for Sagvåg og Litlabø.

Planarbeidet skal ha fokus på regionsenterfunksjonen og kva den inneber. Avgrensing av bysenteret Leirvik og bydelssentra må definerast og Heiane sin plass i senterstrukturen må avklarast.

Viktige spørsmål som kommuneplanen må gje svar på vil vera korleis ein skal få styrt/ gjennomført utbygging og utvikling av dei områda som til ei kvar tid ligg i kommuneplanen. Det vert viktig å få fastsett kva grep/ tiltak ein kan gjera for å leggja til rette for å få bygd ut område ut frå ei heilskapleg vurdering av utviklingsstrategiar, ønska utbyggingsrekkefølge og utbygging av infrastruktur. Kommuneplanen må prioritera, ta stilling til og få fram konsekvensane av utbyggingsrekkefølge og aktuelle rekkefølgekrav.

Statlege og regionale mynde og sektorane i kommunen har kome med mange gode innspel til planprogrammet. Det vert kommentert at tema som vert føreslått tekne opp i planen synest å vera dekkande for utfordringane i kommunen framover. Rådmannen har gjort nokre opprettingar og mindre endringar og tilføyningar i planprogrammet etter innspela og kommentarane men ser elles ikkje at det er nokon motsetnad mellom innspela og kommentarane og forslaget til planprogram. Innspela og kommentarane vil følgja planarbeidet vidare.

Kommuneplanen og kommunedelplanane må visa korleis kommunen kan/ må handla for å få samsvar mellom nasjonale og regionale forventningar og mål og kommunen sine planar og utvikling. Planane må visa status i høve til dette og kva tiltak/ grep som må til for nå måla.

Ein legg og no opp til å innarbeida klima og energiplanlegginga i arbeidet med revidering av arealdelen av kommuneplanen og å gå bort frå eigen kommunedelplan for klima og energi. Klimaarbeidet er då tenkt løfta fram som ein viktig del av kommuneplanen sin arealdel noko som m.a. skal synleggjerast i ein arealplan som legg grunnlag for å nå viktige miljø- og klimamål. Parallelt med arbeidet med revidering av kommuneplanen der klima- og energiomsyn vert ein viktig del, skal kommunen gjennomføra ei omfattande miljøsertifisering av kommunen dei neste tre åra.

Planarbeidet må visa kva for langsiktige areal- og utviklingstrategiar/ korridorar og arealbruk må til for å oppfylla hovudmålet og delmåla.

Planarbeidet må skje i tett dialog og samarbeid mellom administrasjonen, politikanane, næringslivsaktørar, lag og organisasjonar og innbyggjarane elles.

8. Utviklingsstrategiar og mål

Kommunen må ha langsiktige mål og strategiar for framtidig utvikling. Stord er ein tett kommune med korte avstandar til alt. Kommunen har urbane kvalitetar, variert næringsliv, gode offentlege og private tenestetilbod og gode og nære rekreasjonsområde ved sjøen, i låglandet og i fjellet. Stord har alle føresetnader som trengst for å vera ein berekraftig og attraktiv kommune og regionsenter.

8.1 Hovudmål/ strategi:

Stord skal vera eit inkluderande, miljøvenleg og sikkert samfunn som er attraktivt og godt å koma til, bu og driva næring i.

8.2 Delmål/ strategiar:

Klima, miljø og tryggleik

- Det skal leggjast vekt på effektiv arealbruk
- Det skal vera tilrettelagt for effektiv, trafikksikker og miljøvenleg transport og tilgjenge for køyrande, kollektivreisande, gåande og syklende
- All planlegging og utbygging skal ta høgde for stigande havnivå, auka flom- og skredfare og meir ekstremver med kraftig vind og store og intense nedbørsmengder

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

- Nye utbyggingsområde skal liggja godt tilgjengelege i høve til sentrum, kollektivknutepunkt, kollektivaksar og gang- og sykkelveggar
- Det skal leggjast til rette for variert utbygging tilpassa ulike grupper sine behov, herunder barnefamiljar, eldre og flyktningar
- Det skal leggjast til rette for og gjennomførast tiltak som gjer sykling og gange trygt og attraktivt
- Utbygging og fortetting skal skje med kvalitet
- Ved utbygging av nye bustadområde og fortetting i eksisterande bustadområde skal det leggjast vekt på å skapa og oppretthalda gode bumiljø med gode klima- og nærmiljøkvalitetar

Levande sentrum

- Det skal leggjast til rette for at Leirvik og Sagvåg kan ha eit variert tilbod av bustader, handel og tenester
- Sentrum skal vera tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne (ca. 1 km)
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og byggja på det enkelte sentrum sin historie, sitt særpreg og sine landskapstrekk
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og andre godt tilgjengelege areal og møteplassar for fysisk aktivitet og sosial samkvem

Helse og trivsel

- Det skal leggjast til rette for at born, unge og vaksne kan gå og sykla meir i dagleglivet og vera meir aktive ved at det er god tilgjenge til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv

- Samanhangande grønstrukturar og opne vassvegar skal takast vare på for å sikra naturmangfaldet, opplevingar, kunnskap og god livskvalitet
- Folkehelse i alt planarbeid
- Identifiserte ressursar i nærmiljøet som vert opplevd som viktig for helse og trivsel skal takast omsyn til

Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane

- Naturverdiane skal kartleggjast og verdisetjast og sjåast på som ein viktig ressurs for friluftsliv og ved planlegging og utvikling av nye bustad- og næringsområde
- Kulturminna og kulturmiljøet skal kartleggjast og verdisetjast og sjåast på som viktige ressursar for friluftsliv og ved planlegging og utvikling av eksisterande og nye bustad- og næringsområde

Planarbeidet må visa kvar kommunen er pr. i dag i høve til desse måla/strategiane og kva grep kommunen må ta for å nå dei.

Planarbeidet må visa kva langsiktige areal- og utviklingstrategiar/ korridorar og langsiktig arealbruk må til for å oppfylle hovudmålet og delmåla.

9. Konsekvensutgreiing

Planen sine verknader for natur, miljø og samfunn skal utgreiast i samsvar med Plan- og bygningslova og Forskrift om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga skal gjerast på eit overordna nivå for heile planen og på tiltaksnivå for nye utbyggingsområde. Det vil verta nytta ein tredelt skala i vurdering av verdi og konsekvens i tillegg til at verdiane og konsekvensane vil verta omtala med ord.

- liten verdi
- middels verdi
- stor verdi

- positiv konsekvens (+)
- ingen konsekvens (0)
- negativ konsekvens (-)

Følgjande tema skal utgreiast for heile planen og dei enkelte nye byggeområda som planen vil visa:

Tema:	Konkretisering:
Forureining	Klimagassutslepp
Transportbehov/ energi	Skal visa i kva grad omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er ivareteke

Kulturminne/-miljø	Kulturminne/ - miljøverdiane skal kartleggjast og verknadane for desse skal utgreiast
Naturmangfald, landskap og jordvern	Skal kartleggjast og verdifastsetjast og konsekvensane for kva verknader planen har for desse verdiane skal utgreiast
Friluftsliv, folkehelse, tilgjenge, gang- og sykkelnett, barn og unge sine oppvekstvilkår,	Det skal utgreiast korleis rørsle til fots og med sykkel der folk bur og ferdast heng saman med omkringliggjande friluftsområde og grønstruktur, med særleg fokus på barn og unge, eldre, rørslehemma og folkehelse generelt. Det skal utgreiast kva verknader planforslaget får for kvalitetar ved friluftsliv
Risiko ved beredskap, ulykker og klimaendringar	Det skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planforslaget med grunnlag i tidlegare fastsette sannsynsinndeling og akseptkriterium